



Sogn og Fjordane fylkeskommune,  
Opplæringsavdelinga  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dato: 31.08.2018  
Vår ref.: 2018/13828-1  
Saksbehandlar: oddber3  
Dykkar ref.:

## **Invitasjon til å nytte OT-tiltak i Hordaland - Hardanger produksjonsskule**

### **Innleiing - Bakgrunn**

Frå august 2018 vart produksjonsskuletilbodet i Hordaland utvida med ei avdeling på Hjeltnes i Ulvik herad; *Hardanger produksjonsskule*.

Under handsaming av politisk sak om etablering av Hardanger produksjonsskule vart mellom anna følgjande vedteke: «*I forkant av regionsamanslåinga ønskjer HFK å gi SFK mulegheit til å sende ungdommar til Hardanger produksjonsskule allereie frå oppstart av skulen hausten 2018*»

Fylkesdirektør for opplæring sender med dette invitasjon til Sogn Fjordane fylkeskommune til å kunne sende ungdommar i målgruppa for tilbodet til Hardanger produksjonsskule frå og med hausten 2018.

### **Målgruppe**

Hordaland fylkeskommune har som mål å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Ei viktig satsing i dette er å få ungdom som har falle ut av vidaregåande opplæring, tilbake til opplæringa.

Dette arbeidet skjer i regi av Oppfølgingstenesta i Hordaland fylkeskommune. Eit tiltak for å nå dette målet er å opprette ein produksjonsskule med heildøgnsdrift på Hjeltnes i Hardanger frå hausten 2018. Målgruppa er ungdom mellom 16 og 21 år utanfor vidaregåande opplæring, og som treng ein veg inn igjen.

Produksjonsskulen er eit OT-tiltak. Målgruppa for Hardanger produksjonsskule vil difor vere dei ungdomane som ikkje har hatt tilstrekkeleg utbyte av dei tilboda som allereie er etablerte.

Gjennom deltaking på skulen skal ungdomen få danning og kvalifisering gjennom ein produksjon, lære om arbeidslivet sine spelereglar, få opplæring i grunnleggjande ferdigheiter etter behov og naudsynt rådgiving. Tiltaket er basert på praktisk arbeid og produksjon knytt til ulike utdanningsprogram, og skal styrke deltakarane si personlege utvikling og betre deira moglegheit i utdanning og arbeid.

### **Om Hardanger produksjonsskule**

I 2015 etablerte Hordaland fylkeskommune Hyssingen produksjonsskule i Bergen sentrum som ei forsøksordning. Opplæringsmodellen byggjer på eit sosiokulturelt læringssyn. Danningomgrepet og sosial kompetanse vert sidestilt med fagleg utbyte, og organisering av opplæringa vert tilpassa lokal kontekst.

Hyssingen produksjonsskule er eit tilbod på dagtid først og fremst for dei som bur i Bergensområdet. Ei viktig erfaring vi har gjort på Hyssingen, er at for ungdom med monalege utfordringar på heimebane kan eit reint dagtilbod vere for spinkelt for å skape grunnlag for å greie seg i ein kompleks livssituasjon. Ein

produksjonsskule som og er eit heildøgntilbod, kan dekke ulike behov i målgruppa. Dette vil utfylle det eksisterande forsøket som er i gang på Hyssingen produksjonsskule både med tanke på innhald, behov i målgruppa, og at ein får eit desentralisert tilbod.

Hardanger produksjonsskule er eit tilbod i distriktet som kan fange opp ungdomar frå resten av regionen, eventuelt og frå andre regionar eller fylke.

Skulen starter i første omgang opp med tre verkstader, *Natur og Miljø, Gardsdrift og Mekanisk*. Det ligg føre planar om ytterlegare to verkstader innan gaming og datasport og innan kreative, kunstnarlege tema. Det er mål om at dei første ungdommane er i gong på verkstadane innan desember 2018, og inntaket er planlagt starta i midten av oktober. Utover våren 2019 vil det vere ei gradvis opptrapping av aktiviteten. Tilbodet har ein planlagt kapasitet på opp mot 45 ungdommar.

### Inntak – opptak av ungdommar

Inntaket av ungdommar vert styrt av OT-tenesta i HFK som vurderer kva ungdommar som vil ha nytte av tilbodet. Deretter vil det vere ein prøveperiode der ein avgjer om produksjonsskule er eit godt tilbod for den aktuelle ungdommen. Meir detaljerte rutinar for inntak vil verte utarbeidd. På førespurnad frå og i samråd med OT-tenesta i SFJ vil ungdommane bli vurdert for plass på Hardanger produksjonsskule på lik linje med ungdommar busett i Hordaland.

### Finansiering - Kostnad for opphald

Tilbodet er basert på ei todelt finansiering med om lag 2/3 i statlege tilskot og 1/3 over HFK sitt budsjett. For perioden 01.11.2018 tom 31.07.2019 er prisen for ein gjesteplass sett til kr 14 500,- pr. måned inkl. kost og losji. Det er noko usikkerheit knytt til storleiken på dei årlege statlege tilskota, og HFK vil difor ha trong for å kunne sette ny pris gjeldande for kvart kalenderår seinast pr. 15. desember året før.

### Kontakt

For ytterlegare kontakt og informasjon:

Namn	Stilling	E-post	Telefon
Baste Bruarøy	Dagleg leiar produksjonsskulane / avd. leiar Hyssingen	baste.bruarøy@hfk.no	97196055
Håkon Gjerde	Avd. leiar Hardanger produksjonsskule	hakon.gjerde@hfk.no	90130193
Cecilie Øvstedal	OT-leiar	Cecilie.ovstedal@hfk.no	99255824
Annbjörg Laupsa	OT/PPT leiar	annbjorg.laupsa@hfk.no	95835422
Odd Bjarne Berdal	Regionleiar	odd.bjarne.berdal@hfk.no	99233975

Representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune har med dette brevet ein ståande invitasjon og er hjarteleg velkomne til å ta kontakt og til å kome på besøk til Hardanger produksjonsskule for å lære meir om tilbodet.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Odd Bjarne Berdal  
regionleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*